

# FINNØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Kommunestyret	16.12.2015	082/15	OHM

<b>Saksansvarleg</b> Helene M. Ohm	<b>Arkiv:</b> K1-250 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 14/524
---------------------------------------	--	-----------------------------

### ARBEID MED KOMMUNEREFORMA – STATUS FOR LOKAL PROSESS I FINNØY PR DESEMBER 2015

#### Vedlegg:

1. Kommunereformprosessen i Rogaland – statusrapport frå Fylkesmannen pr. september 2015
2. Brev frå statsråd Jan Tore Sanner til ordførarane i alle kommunar, datert 28.10.2015

#### **Saksutgreiing:**

Som oppfølging av brev frå statsråd Jan Tore Sanner til alle ordførarar i landet sette kommunestyret i Finnøy 03.09.2014 ned ei politisk styringsgruppe for å greia ut og drøfta aktuelle alternativ for framtidig kommunestruktur. Ordføraren har leia gruppa, som har hatt medlemer frå alle dei politiske partia i kommunestyret. Svein Helgesen har vore sekretær og prosessrettleiar for gruppa.

Styringsgruppa, som fram til oktober 2015 hadde til saman 9 møte, har vurdert tre aktuelle alternativ:

- A. *«Nullalternativet»*: Finnøy held fram som eigen sjølvstendig kommune.
- B. *«Mellomalternativet»*: Finnøy inngår i ein mellomstor kommune saman med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy.
- C. *«Storkommunealternativet»*: Finnøy inngår i ein ny storkommune på Nord Jæren, saman med Stavanger og andre kommunar i regionen.

Styringsgruppa la i løpet av våren 2015 fram ein førebels kortfatta undervegsrapport til behandling i formannskapet (februar) og ein meir utfyllande rapport til kommunestyret (juni). Ved behandlinga av sak KS-037/15 vedtok eit samrøystes kommunestyre 17.juni slike føringar for den vidare prosessen:

- a. Med bakgrunn i prosessen så langt skal Finnøy framover bruka mest tid og ressursar på å arbeida spesielt med alternativ A (*nullalternativet*) og alternativ C (*storkommunealternativet*). Alternativ B (*mellomalternativet*) blir førebels «sett på vent» til dei andre involverte kommunane eventuelt uttrykkjer interesse for å gå vidare for å utgreia ein slik modell.

- b. Finnøy intensiverer kontakten med Stavanger kommune med sikte på å få til mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå om utfordringar som er avgjerande å få avklara som grunnlag for kommunen sitt framtidige vegval.
- c. Styringsgruppa skal gå djupare inn i innhaldet i Jærrådet sin utgreiingsrapport og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Det skal vidare gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet.
- d. Det skal hausten 2015 leggjast ein konkret strategi for innbyggjarinformasjon og –medverknad. Det blir søkt informasjon om korleis dette er gjort i andre kommunar som er komne lenger i prosessen. Opplegg for folkemøte på øyane og spørsmål om ev. innbyggjarundersøking og folkeavstemming blir vurdert i denne prosessen.
- e. Kommunestyret skal innan neste sommar behandla kommunereformspørsmålet i to møte: ei førebels drøfting i møte i april og ei endeleg behandling i kommunestyremøte i juni 2016. I tillegg til politisk behandling i formannskap og kommunestyre skal saka leggjast fram til drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet.
- f. Styringsgruppa får ansvar for å avklara med dei hovudtillitsvalde i kommunen organisasjonane si rolle i den vidare prosessen.

Ved konstitueringa i oktober blei samansettinga av politisk styringsgruppe endra. Den nye gruppa har desse medlemene: Henrik Halleland (leiar), Odd Bleie (nestleiar), Gro Skartveit (medlem i forhandlingsutval), Nils Petter Flesjø, Jon Olav Runestad og Ingvild Sevheim Steen. Det er gjort avtale med Svein Helgesen om at han held fram i rolla som sekretær og prosessrettleiar for gruppa.

Den nye styringsgruppa ønskjer at heile kommunestyret skal vera godt orientert om status og det vidare arbeidet med kommunereforma og ha høve til å gi eventuelle politiske signal til styringsgruppa. Det er bakgrunnen for denne orienteringssaka. Utgangspunktet for prosessen vidare fram mot sommaren 2016 er følgjande:

1. Fram til sommaren 2015 var aktiviteten i kommunane i Rogaland mest konsentrert om lokalt og regionalt utgreiingsarbeid. Mest relevant for Finnøy var ein felles utgreiingsrapport utarbeidd av Jærrådet (eit samarbeid mellom Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger og Time) og ein meir kortfatta tilleggsrapport for Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Vedlagd oversikt frå Fylkesmannen i Rogaland (vedlegg 1) gir oppdatert informasjon om status i Rogaland pr oktober 2015.
2. Statsråd Jan Tore Sanner har i brev til ordførarane i alle kommunar datert 28.10.2015 (vedlegg 2) konkretisert og utdjupa regjeringa sine forventningar om at alle kommunar skal gjennomføra lokale prosessar og gjera vedtak i kommunestyret innan sommaren 2016. Med bakgrunn i politisk behandling av føreliggjande utgreiingsmateriale har fleire kommunar i Rogaland no starta såkalla «nabo-pratar» for å sondera og drøfta meir konkret om dei ønskjer å slå seg saman. På noverande tidspunkt synest Jærkommunane Klepp, Hå og Time og Dalanekommunane Egersund og Sokndal å vera komne lengst i prosessen.
3. På Nord Jæren er det i gong nabosamtalar mellom Sandnes, Sola og Stavanger. Randaberg har takka nei til å delta. Dei tre kommunane synest å ha ulike utgangspunkt for «nabopraten»; dei er til dømes ikkje samde om å samtala med sikte på formell intensjonsavtale. Dei vil likevel i løpet av desember gjennomføra ei felles

innbyggjarundersøking med sikte på å avklara innbyggjarhaldningar til spørsmål som er svært aktuelle i kommunereformdebatten. Svara vil vera viktige for den vidare prosessen i løpet av vinteren 2016.

4. Stavanger kommune har nå følgd opp tidlegare avtale om «nabopratt» med Finnøy og Rennesøy parallelt med samtalanane med Sandnes og Sola. Møte mellom Stavanger og Finnøy er avtalt til 17. desember. Etter ønske frå styringsgruppa er det tatt kontakt med Stavanger for å sondera om den nemnde innbyggjarundersøkinga, jf. pkt. 3, eventuelt også kan tilpassast og gjennomførast i Finnøy (og ev. Rennesøy) og inngå som grunnlagsmateriale for dei vidare samtalanane med Stavanger.
5. Eventuelle drøftingar av *mellomalternativet* (Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy) blei førebels sett «på vent» etter ein første «nabopratt» mellom dei fire kommunane i april 2015. Det var på det tidspunktet ikkje felles vilje til å gå vidare i ein diskusjon om dette alternativet, men døra blei halden open for eventuelle nye samtalar seinare. Styringsgruppa i Finnøy er open for å ta opp att slike samtalar dersom det blir meldt interesse for det frå nokre av dei andre kommunane.
6. Styringsgruppa hadde i møte i november ein omfattande gjennomgang av *nullalternativet* og drøfta konsekvensar og utfordringar som vil stå sentralt dersom Finnøy også i framtida skal halda fram som sjølvstendig kommune. Kompetanse, kapasitet og kommuneøkonomi er mellom hovudutfordringane. Styringsgruppa vil ta dette med seg inn i det vidare arbeidet med å førebu eit godt sakleg grunnlag for den endelege politiske behandlinga i kommunestyret før sommaren 2016.
7. Innbyggjarinformasjon, involvering og medverknad vil stå sentralt i den vidare prosessen. I første omgang har styringsgruppa som nemnt i pkt. 4 tatt eit konkret initiativ med tanke på eventuell gjennomføring av innbyggjarundersøking. Andre måtar å høyra og involvera innbyggjarane på (til dømes høyring, folkemøte, folkeavstemming) vil bli drøfta på første møte i styringsgruppa i 2016.
8. Dei hovudtillitsvalde er sidan sommaren 2015 inviterte inn som observatørar på møta i styrings-gruppa og får alle innkallingar til og referat frå møta. Styringsgruppa har kalla inn til eige møte med HTV-ane 11. desember for å drøfta meir konkret korleis det vidare samarbeidet med organisasjonane skal skje.
9. Styringsgruppa legg opp til at spørsmålet om framtidig kommunestruktur skal behandlast av kommunestyret i to omgangar i løpet av første halvår i 2016. Det vil bli lagt fram ei sak til førebels drøfting i kommunestyret 27. april. Endeleg behandling med vedtak vil skje i møtet 16. juni.

### **Vurdering:**

Rådmannen viser til saksutgreiinga over, og registrerer at den «nye» styringsgruppa har kome godt i gang sidan konstitueringa. Arbeidet er likevel prega av at alternativa som vurderast er tett knytt til korleis prosessane går i og kva vegval nabokommunane tar. Framover vil det vera viktig å kome vidare med storkommune-alternativet, og avtalt møte med Stavanger kommune er eit viktig steg vidare. I kontakten med Stavanger kommune vil det vera viktig å søkje å få mest mogleg konkrete drøftingar av forhold som Finnøy-spesifikke.

Rådmannen viser til punkt 5 over, ang. mellomalternativet. I juni vart det vedtatt å sette mellomalternativet «på vent». På bakgrunn av utviklinga i dei aktuelle kommunane i haust, særleg i Randaberg som har vedtatt at dei ikkje går vidare med «nabo-pratt» med kommunane

på Nord Jæren, meiner rådmannen at Finnøy bør ta opp igjen arbeidet med dette alternativet. Rådmannen viser til punkt 5: « *Styringsgruppa er open for å ta opp att slike samtalar dersom det blir meldt interesse for det frå nokre av dei andre kommunane.* » Rådmannen meiner at styringsgruppa her bør vera meir aktiv i forhold til mellomalternativet, og at Finnøy sjølv bør ta eit nytt initiativ til samtalar med Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy. Mellomalternativet vil truleg vera eit godt alternativ i lys av måla for reforma. Gjennomgangen så langt av null-alternativet viser at det å fortsetje som før for Finnøy, vil ha negative konsekvensar knytt til m.a. kapasitet, kompetanse og økonomi. Samstundes er storkommune-alternativet i stor grad avhengig av kva val andre kommunar gjer. Rådmannen meiner på den bakgrunn at styringsgruppa må sørge for at også mellom-alternativet vert utgreidd og vurdert.

#### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret ber om at styringsgruppa tek opp igjen «mellom-alternativet», og tek eit nytt initiativ til samtalar med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy. Kommunestyret tek elles framlagd sak til etterretning.

#### **KS-082/15 VEDTAK 16.12.2015:**

Representanten Odd Bleie, SP la fram følgjande forslag på vegne av KRF, SP og AP:

«Kommunestyret tek framlagd sak til etterretning».

Representanten Gro Skartveit, V la fram følgjande forslag på vegne av Venstre og Høgre:

«Tillegg til rådmannens innstilling:

Kommunestyret ber om at styringsgruppa tek opp igjen «mellom-alternativet», og tek eit nytt initiativ til samtalar med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy. **Samstundes som en går vidare med dei to andre alternativa.**

Kommunestyret tek elles framlagd sak til etterretning».

#### **Votering:**

Framlegget frå administrasjonen fekk 0 røyster og falt

Framlegget frå V og H fekk 9 røyster ( V og H) og falt.

Framlegget frå KRF, SP, og AP fekk 12 røyster (KRF, SP og AP) og vart vedteke

#### **Vedtak:**

**Kommunestyret tek framlagd sak til etterretning.**